



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Strategisk plan for kysten 2018 – 2029 for Sogn og Fjordane

Planprogram

Vedteke av Fylkesutvalet 02.11.2016 i sak xxx/16



Innhald

1.	Innleiing.....	4
1.1.	Bakgrunn.....	4
2.	Mål med strategi for kysten	5
2.1.	Heilskapleg målsetjing med planarbeidet.....	5
2.2.	Delmål.....	5
2.3.	Strategisk regional tematisk plan – avgrensing.....	6
2.4.	Om målbilde og hovedmål.....	6
3.	Råmer for planarbeidet	6
3.1.	Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen	7
3.2.	Nasjonale forventingar	7
3.2.1.	Samferdsel og infrastruktur.....	7
3.2.2.	Verdiskaping og næringsutvikling.....	7
3.2.3.	Natur, kulturmiljø og landskap	7
3.3.	Om distrikts- og regionalpolitikken. St.meld. nr. 25(2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru.....	7
3.4.	Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023	8
3.5.	Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring,	8
3.6.	Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring.....	8
3.7.	Regionale føringar	8
3.7.1.	Regional planstrategi 2016-2020.....	8
3.7.2.	Regional transportplan 2014-2023	8
3.7.3.	Fylkesdelplan for klima og miljø	9
3.7.4.	Regional plan for verdiskaping (verdiskapingsplanen)	9
3.7.5.	Andre regionale planar og føringar.....	9
3.8.	Integrasjonen med kommunale planar.....	9
4.	Kunnskapsgrunnlag for strategiar for framtida – plantema	9
4.1.	Bu og leve på kysten	10
4.1.1.	Levekår og folkehelse.....	10
4.1.2.	Samfunnsstruktur og offentlege funksjonar/tenester	10
4.1.3.	Bustad og næring i 100-metersbelet i strandsona – bruk og vern	10
4.1.4.	Kulturen på kysten	10
4.2.	Næringane på kysten	10
4.2.1.	Sjøen – Sjømat og anna biologisk produksjon.....	10

4.2.2.	Maritime næringar og teknologi (onshore og offshore)	10
4.2.3.	Energiproduksjon.....	10
4.2.4.	Kompetanse, FoU og vidaregåande/høgare utdanning	11
4.2.5.	Reiseliv	11
4.2.6.	Landbruk.....	11
4.2.7.	Nærings- og utviklingsarbeid.....	11
4.3.	Samferdsle	11
4.3.1.	På land og til sjøs	11
4.3.2.	Breiband, mobil og VHF/kystradio – elektronisk infrastruktur	11
4.4.	Natur og miljø.....	12
4.4.1.	Naturmangfold og verneverdiar i naturen	12
4.4.2.	Miljø og klima	12
4.5.	Beredskap og kriser	12
5.	Utgreiing og metode	12
6.	Prosess – medverknad, organisering og framdrift	12

1. Innleing

1.1.Bakgrunn

Vedtak i Fylkestinget i sak 20/13:

- 1. Fylkestinget ser behov for å etablere ein strategisk plan for kysten og ber fylkesrådmannen gjennomføre ein ny prosess med kystkommunane for å kome fram med eit framlegg til korleis ein kan starte opp eit slikt planarbeid i denne planperioden.*

Også kontakten med kommunane i prosessen tilseier eit behov for ein strategisk regional utviklingsplan for kysten. Det har vore arbeidd med forankring i kommunane og deira behov for ulike planarbeid. Starten av arbeidet med strategisk plan for kysten vart gjort samstundes som vi jobbar med den regionale og dei kommunale planstrategiane. Det er ei utfordring at det er fleire regionale planar og planstrategiar under arbeid hjå kommunane og fylkeskommunen samstundes. Planarbeida vert samordna så langt det let seg gjere, noko som kan lette arbeidet.

Regional planlegging kan gjennomførast med utgangspunkt i Plan- og bygningslova (PBL) § 9-1, eller som regional plan etter § 8-1 til 8-3 flg. Ut frå drøftingane med kommunane vert planarbeidet gjennomført i samsvar med § 8-1 til 8-3 flg, som ein regional strategisk plan.

I Regional planstrategi 2016-2020 (RPS), vedteke i Fylkestinget sak 23/16 den 14.06.16, går det fram at Strategisk plan for kysten skal utarbeidast i perioden 2016 – 2017.

For å utarbeide ein strategisk plan er det krav om eit planprogram, som skal innehalde og definere nærmare mål og ynskte effektar av planarbeidet, råmer for planarbeidet og avgrensing av tema, opplisting av kva tema på strategisk nivå som vert vurdert inn i planarbeidet og skal utgreia, metode for utgreiing, medverknad, prosess, organisering, finansiering og ein framdriftsplan.

Det faglege samarbeidet mellom kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje, fylkeskommunen og havbruksnæringa har resultert i eit viktig prosjekt: Marine Grunnkart. Dette prosjektet er ikkje ein del av strategisk plan for kysten. Prosjektet skal ferdigstillast i 2018, og kan difor ikkje danne noko av kunnskapsgrunnlaget for strategiske val.

Det utfordrande i dette planprogrammet er avgrensinga av tema, og kva tema som er aktuelle å utgreie på eit strategisk nivå. Planen legg ikkje opp til å gå inn i arealbruksoppørsmål, slik som ein kystsoneplan eller ein regional arealbruksplan ville kunne gjort. Strategiane i planen skal kunne gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane, og kunne gje overordna føringar i arealbruksoppørsmål. Strategi-grepa for forvaltning og interesseavvegning i sjøområda bør vere tilnærma lik interesseavvegingane for planlegging på land. Ei viktig føring for avgrensing av utgreiingane er at tema skal vere kystrelatert, men likevel må det støttast opp med eit kunnskapsgrunnlag om demografi, folketalsutvikling, tenestetilbod, arbeidsplassar, kompetanse og næringsliv.

Strategiarbeidet legg noko av grunnlaget for det meir konkrete arbeidet med ein arealbruksplan for heile fylket. I RPS er det vedteke at arbeidet med regional plan for arealbruk skal starte i 2018.

2. Mål med strategi for kysten

«Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.»

2.1.Heilskapleg målsetjing med planarbeidet

Det trengst strategiar for å vidareutvikle kystregionen i fylket til å skape vekstkraftige og verdiskapande samfunn som planlegg i forkant av endringane og evnar å omstille seg. Kysten står framfor endringar i demografi, klima, arbeidsplassar og næringsstrukturar. Kysten må nytta kommunikasjon/samferdsle som eit verkemiddel og verdsætje høgt dei store natur- og kulturverdiane på kysten.

Til dette krevst det ein langsigktig og konsistent politisk strategi og forankring i heile regionen.

2.2.Delmål

Regionen og kommunane skal saman skape felles/omforeinte strategiar for samfunnsutviklinga på kysten. Hovudintensjonen er å skape eit grunnlag for ein sterkare kyst, som vert prioritert både regionalt og nasjonalt.

- Prosessmål – samle kysten og ha ei felles røyst
 - Løfte kystregionen, sette kysten i posisjon for utvikling, støtte einannan og dra ilag som kommunar
 - Avdekke felles interessefelt og utnytte føremónene med samordning
 - Utvikle kompetanse og nettverk
 - Forankre strategiane både i fylket og i kommunane
 - Utvikle organisasjonsformer for samarbeidsoppgåver, gjennom til dømes friluftsråd, Kystvegen Ålesund-Bergen, kystkulturpark
- Samfunnsmål – klima og miljømål - verdiskapingsmål
 - Utvikle attraktive lokalsamfunn langs kysten, med vekt på busetnad, trivsel, arbeidsplassar, utdanning og berekraftig bruk av natur- og kulturressursane
 - Skape ein nasjonal og internasjonal arena for berekraftig verdiskaping i sjøområda
 - Auke kunnskapen om sjøområda, slik at vi kan forvalte og nytte sjøressursane berekraftig
 - Utvikle havbruksnæringa ut frå nasjonale mål om berekraftig vekst
 - Legge grunnlag for ei heilskapleg og samordna arealplanlegging, både i kommunane og regionalt
 - Utvikle meir effektive og miljøvenlege samferdselsløysingar (omfattar både båt og veg, person og gods)
 - Konkretisere behova for felles tiltak og behova for infrastruktur knytt til beredskap og tryggleik
 - Skape større verdiar enn i dag av naturarven og verneverdig kytnatur
 - Utvikle friluftslivet og reiselivet til å vere ein større del av verdiskapinga
 - Etablere kysten i fylket som eit fyrtårn for miljørydding i Nordsjøen
 - Utvikle overordna tiltak når gjeld konsekvensar av klimaendringar.

2.3.Strategisk regional tematisk plan – avgrensing

For å fastsetje innhaldet i ein strategisk regional plan for kysten, jamfør PBL § 8-1, må arbeidet avgrensast ut frå gjeldande planar og planprosessar som er igang.

- Planen skal gje føringar for ulike tema i samfunnsplanane i kommunane og kunne gje overordna føringar i arealbrukspørsmål.
- Planen skal omfatte kystkommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje.
- Planen skal støtte seg på vedtekne regionale planar som transportplanen, verdiskapingsplanen, klima- og miljøplanen m. fl. og overordna vedtak (bl.a. om prioritering av Kystvegen), og samordnast med tema som no vert tekne opp i arbeidet med rullering/revisjon av desse regionale planane i 2016 og 2017.
- Strategiane skal utviklast parallelt med regional og kommunale planstrategiar og samfunnsplanar i 2016-2017 og fange opp og samordne felles målsetjingar frå kommunane
- Planen legg ikkje opp til å gje føresegner for arealbruk, men strategiane kan vise veg for det meir konkrete arbeidet med ein arealbruksplan for heile fylket. I RPS er det vedteke at arbeidet med regional plan for arealbruk skal starte i 2018.

2.4. Om målbilde og hovudmål

Ein viktig del av planarbeidet er å utvikle ei felles forståing av kva for samfunn kysten er, kva ressursar regionen har, og kva som er særprega for næringslivet. Strategiane må spegle behova som er regionale, kva som skal til for å løyse ut viktige verdiar, og peike ut samfunnsmål for regionen.

Klima og miljø vil stå sentralt i samfunnsutviklinga og dermed også i næringsutviklinga framover. Klimaendringar og miljøutformingar endrar lokalsamfunna, bu og bygnad, naturmangfaldet og verneverdiane, behovet for kompetanse, samferdsleløysingane, reiselivet og kva endringar som vil skje i kystnæringane. Arbeidet med regional plan for vindkraft viste at det er stor skilnad mellom kommunane, og internt i dei einskilde kommunane, i synet på bruk av naturen og dei kvalitetane og ressursane som er tilgjengelege.

Det vert jobba med å få til ein kystveg, då ein meiner at dette kan vere med å løyse ut viktige verdiar i regionen og å skape større bu-, arbeids- og serviceregionar. Det er også andre samferdsleutfordringar for kysten. Planarbeidet må difor omtale strategisk viktige infrastrukturtiltak i regionen, og dette samordnast med innhaldet i regional transportplan.

For å utvikle kysten vidare, er menneska viktige. Dei offentlege tenestene innan helse, omsorg, administrasjon, kultur og utdanning dannar gjerne grunnlaget for stadutviklinga og er limet i samfunnsutviklinga. Det er også vedteke ein regional folkehelse plan og målbildet tilseier at godt folkehelsearbeid er ein grunnleggande del av kvaliteten i samfunnsutviklinga.

3. Råmer for planarbeidet

Til grunn for arbeidet ligg nasjonale føringar, retningsliner m.m. innan områda kysten, arealbruk samferdsle og næringsutvikling, i tillegg til plan- og bygningslova med føresegner og retningsliner.

3.1. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Retningslinjene følgjer opp plan- og bygningslova 2008, der byggeforbodet langs sjøen er videreført og stramma inn. Målet er å ivareta allmenta sine interesser og unngå uheldig bygging. I 100-metersbeltet skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det er gjennomført ei geografisk differensiering der vernet er mest strengt i sentrale område der presset er stort. Alle kystkommunane i dette planarbeidet er rekna for å ha mindre press på arealutnyttinga og er plassert i den sona der vernet er minst strengt.

3.2. Nasjonale forventingar

Regjeringa la fram dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging i juni 2015. Kap. 3.2.1-3.2.3 er utdrag frå forventingane. Som hovudrāme ligg forventingane til planlegginga for berekraftig areal- og samfunnsutvikling og effektive og gode planprosessar. Fylkeskommunen skal, ilag med kommunane, ta i vare planlegging som sikrar ynskt utvikling innanfor dei tema som denne strategiske planen tek opp.

3.2.1. Samferdsel og infrastruktur

«Fylkeskommunene og kommunene i samarbeid med statlige fagmyndigheter bidrar til at godsterminaler og havner utvikles som effektive logistikknutepunkt, og at det i planlegging av sjøområder tas hensyn til farledene for skipstrafikken. «

3.2.2. Verdiskaping og næringsutvikling

«Planleggingen legger til rette for å opprettholde og videreutvikle fiskeri- og havbruksnæringen innenfor en miljømessig bærekraftig ramme. Arealbehovet for havbruksnæringen ses i et regionalt perspektiv, og framtidens arealstruktur bidrar til en balansert og bærekraftig sameksistens med andre interesser i kystsonen og langs vassdrag. «

3.2.3. Natur, kulturmiljø og landskap

«Planleggingen bygger på oppdatert og tilgjengelig kunnskap om arealbruk og natur-, kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsverdier. Nødvendig kartlegging og vurdering av disse verdiene inngår i planleggingen.

Naturmangfoldlovens alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk legges til grunn for planlegging som berører naturmangfold. Forekomster av utvalgte naturtyper og prioriterte arters økologiske funksjonsområder innarbeides i planlegging på land og i sjø.

Fylkeskommunene og kommunene bidrar til økt bevissthet og kunnskap om landskapsverdier og ivaretar landskapshensyn i planleggingen.

Fylkeskommunene og kommunene legger til rette for friluftsliv ved å ta vare på og videreutvikle grønnstrukturen. «

3.3. Om distrikts- og regionalpolitikken. St.meld. nr. 25(2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru.

Eit hovudmål med meldinga er å gje kommunar og lokalsamfunn evne til å nytte lokalt handlingsrom og styrke den lokale vekstkrafta. Regjeringa har som mål at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil. Dette er også viktig for å kunne oppretthalde eit spreitt busettingsmønster, som tek vare

på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten til landet. Det skal sikrast likeverdige levekår og ta i bruk ressursane i heile landet.

Det vert arbeidd med ei ny stortingsmelding om «[Bærekraftige byer og sterke distrikter](#)».

3.4. Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023

NTP er staten sitt viktigaste transportpolitiske rammeverk. Det overordna målet i NTP er:

Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvenleg transportsystem som dekkjer samfunnet sine behov for transport og fremjar regional utvikling.

I NTP er det i godstransportstrategien tiltak for å forsterke sjøtransporten si stilling i marknaden fordi dette er eit miljøvenleg alternativ, og fordi det ei naturleg transportform for Noreg som transportnasjon. [NTP](#) er no under revisjon og vedtak kjem i 2017.

3.5. Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring.

Regjeringa v/fiskeri- og kystdepartementet sin strategi tar for seg 5 hovudområde med mål og tiltak. Det er genetisk påverknad og rømming, forureining og utslepp, sjukdom medrekna parasittar, arealbruk og fôrressursar. Det er eit mål at havbruksnæringa har ein lokalitetsstruktur og arealbruk som reduserer miljøpåverknad og smitterisiko.

3.6. Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring

Regjeringa sin strategi peiker på marknadsutfordringane, berekraftig vekst og trygg sjømat, ein framtidsretta næringspolitikk samt forsking og utvikling.

3.7. Regionale føringer

3.7.1. Regional planstrategi 2016-2020

Regional planstrategi fangar ikkje opp alle problemstillingane det er viktig å jobbe med i fylket, men gjer val ut frå ei heilskapleg vurdering. Planstrategien skal vere eit felles strategisk dokument for dei ulike aktørane til å utvikle fylket. Hovudutfordringane til fylket er:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

3.7.2. Regional transportplan 2014-2023

RTP skal vere ein langsiktig strategiplan for transportsektoren i Sogn og Fjordane. Innanfor gitte økonomiske rammer vil Sogn og Fjordane fylkeskommune prioritere bruken av midlar i planperioden til:

1. Lovpålagde oppgåver og kontraktfesta bindingar
2. Vedlikehald av fylkesvegnettet
3. Mindre investeringstiltak
4. Utvida kollektivtilbod
5. Utgreiingsarbeid
6. Store investeringsprosjekt

Handlingsprogrammet har 4 hovudmålsetjingar; det er trygt og enkelt å ferdast på vegen, det er utvikla robuste bu-, arbeids- og serviceområde (BAS), fleire reiser kollektivt og det er tilrettelagt for aktiv transport. Rullering av RTP vert gjennomført i 2016-2017.

3.7.3. Fylkesdelplan for klima og miljø

Planen vart vedteke i 2009 og skal vere ein samla og forpliktande klimapolitikk for fylket. Føremålet med planarbeidet har mellom anna vore å freiste finne ut kva konsekvensar klimapolitikken til Regjeringa og Stortinget har for dette fylket. Vidare vurdere korleis fylket på ein mest mogleg effektiv måte kan medverke til at Noreg når sine klimapolitiske mål og å avgrense skadeverknadane av eit framtidig endra klima i fylket.

Overordna mål for reduksjon av klimagassutslepp er at fylke må ta sin del, for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytral i 2030. Overordna mål for tilpassing til klimaendringar er at fylket skal vere best mogleg budd på klimaendringane, og ikkje byggje ny sårbarheit inn i samfunnet. Planen vert revidert i 2016-2017 endrar namn til regional plan for klimaomstilling.

3.7.4. Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025

Det overordna målet i planen er målet om folketalsutvikling. Hovudmålet partnarskapen arbeider ut frå er 500 nye arbeidsplassar kvart år. Vekst i tal arbeidsplassar heng nøyne saman med det overordna målet om auke i folketalet Årleg arbeidsplassvekst har vore 100 i året i perioden 2000–2012. Ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året krev 500 nyskapte arbeidsplassar for å kompensere for dei som går bort. Viss vi skal nå måla føreset det at fylket får større del av dei ekspansive tenesteytande næringane. Ein industristrategi og ein landbruksstrategi er vedteken i 2015 og 2016. Bransjesatsingane skal gi grunnlag for utvikling av arbeidsplassar der vi har naturgjevne føremoner. Prioriterte bransjar er sjømatnæringane, landbruk, reiseliv, fornybar energi og olje og gass.

3.7.5. Andre regionale planar og føringer

Det ligg fleire føringer, jamfør også omtale av regional planstrategi 2016-2020, men det er grunn til å nemne regional plan for folkehelse 2015-2025 og målbildet tilseier at godt folkehelsearbeid er ein grunnleggande del av kvaliteten i samfunnsutviklinga.

3.8. Integrasjonen med kommunale planar

I arbeidet med regional planstrategi har det vore viktig å sikre forankring inn mot kystkommunane, slik at dei einskilde kommunane forankrar kystplanen i eigne planstrategiar. Kystplanen må og underveis sikre god integrasjon mot dei ulike planane i den einskilde kommune, som samfunnsdelen av kommuneplan, arealplanar, temaplanar m.m.

4. Kunnskapsgrunnlag for strategiar for framtida – plantema

Føringer for alle tema er at planprogrammet skal ta med i kunnskapsgrunnlaget det som er tilstrekkeleg for å utmeisle strategiar for kysten, der kunnskapsgrunnlaget har vekt på å vere balansert og har ei utviklingsretta vinkling. Kunnskapsgrunnlaget vil også leie til drøftingar av interessekonflikter og dette må framstillast i ei oppsummering av utgreiingane. Dei ulike tema, spørsmåla som er formulert under og drøftingane av interessekonfliktane, skal vere med på å gje det faglege og politiske grunnlaget for å utvikle dei samla og meir overordna strategiane i planarbeidet, jf. kap. 2.

4.1. Bu og leve på kysten

4.1.1. Levekår og folkehelse

Kva: Gjere greie for befolkningsutvikling, flyttestraumar og demografi i kystkommunane basert på SSB sine tal.

Korleis: Analysere og framskrive dei viktigaste demografiske faktorane og levekårsparametra.

4.1.2. Samfunnsstruktur og offentlege funksjonar/tenester

Kva: Gjere greie for bu- og arbeidsmarknader, pendling og næringsstrukturar. Vise tilgjenge på offentlege tenester med omsyn til behov innan helse, omsorg, administrasjon og utdanning.

Korleis: Analysere hovudtrekk i utviklinga av arbeidsplassar og næringslivet, mangfald i arbeidsplassar, både private og offentlege. Framskrive hovudtrekk i behovet for offentlege basistenester innan helse, omsorg, administrasjon og utdanning.

4.1.3. Bustad og næring i 100-metersbelet i strandsona – bruk og vern

Kva: Gjere greie for utfordringar når det gjeld arealplanlegging med omsyn til bustad og næringbygnad i strandsona ut frå gjeldande regionale og kommunalt vedtekne planar.

Korleis: Analysere utfordringar med bruk og vern av strandsona ut frå overordna lovverk, vedtekne regionale og overordna kommunale planar.

4.1.4. Kulturen på kysten

Kva: Gjere greie for dokumenterte kulturtrekk hjå folk på kysten.

Korleis: Analysere korleis kulturen kan vere ei drivkraft for samfunnsutvikling.

4.2. Næringane på kysten

4.2.1. Sjøen – Sjømat og anna biologisk produksjon

Kva: Gjere greie for volum, verdiskaping, arbeidsplassar og miljøutfordringar i havbruksnæringa, i fiskeri og i annan biologisk produksjon i havrommet (tang, tare mm). Gjere greie for interessekonfliktar i sett opp mot annan bruk og vern.

Korleis: Analysere næringutsviklinga, også ut frå gjeldande politiske vedtak, lovverk og føringar og om mogeleg gjere framskrivingar.

4.2.2. Maritime næringar og teknologi (onshore og offshore)

Kva: Gjere greie for utviklinga av arbeidsplassar, verdiskaping, miljøutfordringar m.m. i dei maritime næringane.

Korleis: Analysere mogelegheiter og potensiale for vekst i maritim næring og utviklinga i teknologi. Basere analysane på gjeldande planar/utgreiingar.

4.2.3. Energiproduksjon

Kva: Gjere greie for status, prosjekt som er sett i gang, planar innan vind (onshore og offshore), bølgje og tidevatn m.m.

Korleis: Analysere/mogelege framskrivingar med omsyn til teknologiutvikling, kostnads-/inntektsbilde og utbygging på overordna nivå. Basere analyse på gjeldande planar.

4.2.4. Kompetanse, FoU og vidaregåande/høgare utdanning

Kva: Gjere greie for kva særleg kompetanse, FoU-prosjekt/-organisasjonar og vidaregåande/høgare utdanningar som er retta mot kystnæringane i dag.

Korleis: Analysere og framskrive utviklingstrekka for området.

4.2.5. Reiseliv

Kva: Gjere greie for utviklinga i reiselivsbedriftene og reiselivsformidlarar på kysten i ein veksande marknad, med bl.a. auke i individuelle/mindre grupper reisande som vil oppleve «det unike».

Korleis: Analysere, om mogeleg framskrive og vurdere opp mot mogelege interessekonfliktar med miljø og klimautfordringar. Vurdere verdien av bruk av naturen som ressurs i reiselivet.

4.2.6. Landbruk

Kva: Gjere greie for utviklinga i landbruksstrukturen, verdiskaping og arbeidsplassar på kysten.

Korleis: Analysere og framskrive utviklingstrekka for området. Vurdere konsekvensar av utviklinga når det gjeld bl.a. sysselsetting i landbruket, naturmangfold og verdiane i friluftsliv og reiseliv.

4.2.7. Nærings- og utviklingsarbeid

Kva: Gjere greie for dagens strukturar, eigarskap og organisering av nærings- og utviklingsarbeid.

Korleis: Analysere mogelege effektar av samordning, og fleire møteplassar for dette området.

4.3.Samferdsle

4.3.1. På land og til sjøs

Temaet vert samordna med arbeidet i RTP.

Kva: Gjere ei oppsummering av status for prioriterte samferdsleprosjekt på kysten som Kystvegen, bruk av ferjeavløysingsmidlar, Stad skipstunnel, hamne- og farleiprosjekt. Vise reise- og godstransporttal i kystregionen og ut av regionen.

Korleis: Analysere mogelege effektar på bu- og arbeidsmarknadsregionar (overordna analyse), på effektivitet for næringslivet, miljøgevinstar av tiltaka og effekt på volum i skipstrafikken av prosjekta. Utreiingar som kan leie fram mot strategiar for klimaomstilling og effektivitet i næringslivet, inkludert og vurderingar av godstransport frå veg til sjø.

4.3.2. Breiband, mobil og VHF/kystradio – elektronisk infrastruktur

Kva: Gjere greie for status for mobil, breiband og VHF sin dekning og kvalitet på kysten.

Korleis: Framskrive utfordringar for elektronisk infrastruktur for kystsamfunna, samferdsla og næringslivet. Utgreiinga bør vise områder med liten dekning og som er viktige for beredskapen, sjå kap. 4.5. Utgangspunktet for fleire av utfordringane er utfordrande geografi, samstundes som fiber vert sett på som ein «demokratisk rett» for næringslivet, private hushald og offentleg tenester.

4.4. Natur og miljø

4.4.1. Naturmangfold og friluftsliv

Kva: Gjere greie for regionalt og nasjonalt viktige områder for naturmangfold, inkludert landskap, eksisterande verneområder og friluftsområder på kysten.

Korleis: Analysere utvikling av områda og hovudutfordringane. Analyse basert på vedtekne planar. Vurdere kva prosessar som sikrar dei ulike verdiane.

4.4.2. Ureining og klima

Temaet vert samordna med arbeidet om regional plan for klimaomstilling.

Kva: Gjere greie for status for spesielle utfordringar innan klima og ureining, både sett i høve næringsliv og busettnad, og i høve kulturlandskap m.m., for kysten.

Korleis: Analysere hovudutfordringar for ureining og klima på kysten, vurdere strategiar mot lokal og internasjonal ureining, vurdere mogelegheiter strategiar for klimaomstilling på kysten og førebyggande tiltak av konsekvensane av klimaendringar på hav og land. Basere seg på gjeldande regionale planar.

4.5. Beredskap og kriser

Kva: Gjere greie for gjeldande overordna planar og anlegg for beredskap og kriser.

Korleis: Analysere behova for felles planar og strategiar og behov for infrastruktur på området. Basere seg på overordna ROS-analyser for kysten og kystkommunane.

5. Utgreiing og metode

Utgreiingane skal basere seg på eksisterande kunnskapsgrunnlag frå SSB, forskingsinstitusjonar og offentlege rapportar/dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag i regionale planar og framskrivingar. I tillegg vert kommunane, regional stat, organisasjonar og næringslivet viktige informantar og medspelarar for å få fram eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag innan dei ulike tema, og koplingar mellom dei. Omtale og vurdering av interessekonfliktar og overordna arealbrukskonfliktar bør prioriterast, også med bruk av ressursar i planarbeidet. Det kan og vere behov for å kjøpe andre utgreiingar, men dette vil bli avklart undervegs i prosessen.

6. Prosess – medverknad, organisering og framdrift

Planarbeidet skal skje i tråd med reglane i Plan og bygningslova for regionale planar, jamfør §§ 8-1 til 8-4.

I den strategiske planen for kysten er kommunane dei viktigaste partnerane. Fylkeskommune er og avhengig av ein brei medverknad frå næringsliv, organisasjonar og regional stat. Det er sjølv sagt ope for at lokalsamfunn og enkeltpersonar gjev innspel til arbeidet, og det vil bli lagt til rette for at dette kan skje gjennom kommunane.

Så langt har det vore gjennomført fleire møter med kommunane, der både ordførarar, rådmenn og planleggarar har vore aktørar. Desse møta har vist at planarbeidet vil krevje tett politisk dialog av di spørsmåla i stor grad er av politisk karakter. Ein kan ikkje forvente at det ligg klare faglege eintydige svar på utfordringane, men strategiane må vise vegen vidare.

Som del av medverknaden og utforminga av planprogrammet har det vore møtepunkt med kommunane og fylkesmannen, slik at ulike syn og perspektiv vert brukt inn i arbeidet alt ved utarbeiding av endeleg planprogram. Fordelane med å samle aktørane på tvers av interesser, er og å sikre informasjon som skapar forståing for ulike perspektiv og ulik interesser inn i prosessen. Det er ynskjeleg å ha eigne møter med t.d. ungdommen. I tillegg til fylkeskommunen har og kommunane har eit ansvar i medverknadsprosessane, slik at alle grupper får høve til å medverke.

Den formelle organiseringa vil bli som ein ordinær regional plan, der Fylkesutvalet er den formelle **Politiske styringsgruppa**. I fylkeskommunen kan og planutvalet bli nytta som ein drøftingsarena for dei regionale problemstillingane.

Ut frå det sterke engasjementet i kommunane ynskjer ein å etablere ei **Strategigruppe** som består av 1 representant for kvar kommune (gjerne ordførar) og 2 representantar valt av Fylkesutvalet. I tillegg vil prosjektleiar vere sekretær for Strategigruppa. Strategigruppa vil ha si hovudoppgåve å drøfte og utforme strategiar når utgreiingane er gjorde, slik at alle kystkommunane har god innverknad på arbeidet, sjølv om Fylkesutvalet er formell styringsgruppe i ein regional plan.

Kommunane vil bli kopla på ved at det vert etablert ei **referansegruppe** som skal gje faglege innspel og sikre kvalitet, både i utgreiingane og i utforming av regional strategisk plan. I referansegruppa sit 1 administrativ representant frå kvar kommune, 2-3 representantar frå fylkeskommunen, og innleigd prosjektleiar, 2 representantar frå Fylkesmannen og 1 frå Fiskeridirektoratet. Referansegruppa vil ha si hovudoppgåve i utgreiingsfasen. Ut frå referansegruppa vert det etablert ei **arbeidsgruppe** med 2-3 representantar frå fylkeskommunen og 2 representantar frå Fylkesmannen som vil sørge for innleige av prosjektleiar, legge fram driftsplan/møteplanar, drive fram arbeidet med utgreiingane og utforme dokumenta m.m. Når **prosjektleiar** er på plass organiserer ho gruppene.

I tillegg vil det vere aktuelt å etablere **temagrupper** innafor ulike områder, dette er spesielt framheva i innspela frå bl.a. Vågsøy og HAFS at næringslivet deltek direkte inn i prosessen. Slike grupper vil bli oppretta og avvikla etter behov. Kommunane organiserer sjølv sitt interne arbeid.

Fylkeskommunen er ansvarleg for prosjektet slik at **Fylkesrådmannen er prosjektansvarleg** og **Plansjefen har prosjektleiinga**. Plansjefen har ansvaret for å leie det interne arbeidet i fylkeskommunen med strategisk plan.

Planarbeidet vil bli krevjande organisorisk, og det er viktog å få til ein god logistikk og ei forsvarleg framdrift. Aktørane er difor samde om at vi må engasjere ein prosjektleiar så snart som råd. Prosjektleiarens skal ha ansvar for organisering av og drift av arbeidsgruppa, temagrupper og dei formelle møteplassane mellom kommunane, organisasjonar, næringsliv og regional stat.

Det faglege samarbeidet mellom kommunane Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje, fylkeskommunen og havbruksnæringa har resultert i eit prosjekt som er i gang: Marine Grunnkart. Dette prosjektet er

ikkje ein del strategisk plan for kysten, men kan danne noko av kunnskapsgrunnlaget for strategiske val som dei nemnde kommunane skal gjere framover.

Hovudkriteriet for om vi lukkast med ein slik regional plan, er at vi klarar å forankre planarbeidet hjå dei einskilde kystkommunane, og skaper god forståing og forankring og hjå sentrale deler av næringslivet og viktige organisasjonar. Internt i fylkeskommunen er det viktig å sikre god kopling mellom ulike fagområde, og særleg knytt opp til dei regionale føringane som ligg i regionale planar og handlingsprogram. FRM si leiargruppe vert nytta som den formelle arenaen for å forankre arbeidet internt.

Framdriftsplan

Aktivitet	April-juni 2016	Juli-sept 2016	Okt-des 2016	Jan-mars 2017	April-juni 2017	Juli-sept 2017	Okt-des 2017
Utarbeiding av planprogram							
Vedtak om utlegging av planprogram	22. juni 2016						
Høyring av planprogram		Juli-sept					
Vedtak av planprogram			2. nov 2016				
Gjennomføre utgreiingar							
Utforme strategiar saman med kommunane							
Strategiplan på høyring						August- okt	
Vedtak av plan							FT i desember